

KOMMISJONSVEDTAK

2003/EØS/23/50

av 17. februar 1998

om endring av vedtak 95/232/EF om gjennomføring av et tidsbegrenset forsøk i henhold til rådsdirektiv 69/208/EØF for å fastsette de vilkår som frø fra hybrider og fra sammensatte sorter av raps og rybs skal oppfylle(*)

(98/173/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 69/208/EØF av 30. juni 1969 om markedsføring av frø fra oljevekster og fibervekster⁽¹⁾, sist endra ved rådsdirektiv 96/72/EF⁽²⁾, særleg artikkel 12a, og

ut frå desse synsmåttane:

Ved kommisjonsvedtak 95/232/EF⁽³⁾ vart det innført eit tidsavgrensa forsøk på særskilde vilkår for å fastsetje kva vilkår frø frå hybridar og frå samansette typar raps og rybs skal stette.

I lys av dei røyntene som er gjorde under forsøket, som vart avslutta 31. desember 1997, må det samlast inn fleire opplysningar på fellesskapsplan med sikte på å trekkje konklusjonar for eventuelt å tilpasse fellesskapsføresegnene i framtida.

For å kunne vurdere om fellesskapsføresegnene bør tilpassast i framtida er det ønskjeleg å lengje forsøkestida på dei same vilkåra.

Det er naudsynt å sikre kontinuiteten i forsøket.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I artikkel 5 nr. 3 og 5 i vedtak 95/232/EF vert datoen «31. desember 1997» endra til «31. desember 1998».

Artikkel 2

Dette vedtaket tek til å gjelde 31. desember 1997.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 17. februar 1998.

For Kommissjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommissjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 63 av 4.3.1998, s. 30, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 80/2002 av 25. juni 2002 om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 49 av 3.10.2002, s. 17.

⁽¹⁾ TEF L 169 av 10.7.1969, s. 3.

⁽²⁾ TEF L 304 av 27.11.1996, s. 10.

⁽³⁾ TEF L 154 av 5.7.1995, s. 22.